

Jarle Lade

Fra: Liv og Atle Hole [atlehole@online.no]

Sendt: 16. januar 2008 00:03

Til: Akselvoll Lade Linn- Tove

Emne: stort og smått nr 1 2008.doc



Stort & Smått

Årsmøte i Velledalen IL vert halde i Velledalen grendahus måndag 28 januar klokka 19.30

Minner alle gruppeleiarar/idrettsskuleleiar om at årsmeldingane må leverast seinast fredag 25.januar. Svein Hjorthol er leiar i valkomitéen. Spør han - eller andre - deg om ei teneste, så ikkje nøl med eit positivt svar.

Dalemyra og Slettegjerde vert ikkje arena for 3.divisjonsfotball denne sesongen i fylgje terminlista som ligg ute på nettet. Alle kampane til FK Sykkylven i divisjonen er sett opp med Sykkylven stadion som kampstad.

Medlemsrekord. 2007 er over, og vil gå over i historia som året det vart sett ny medlemsrekord i VIL. Det stoppa på 244. Den gamle lydde på 215 medlemmar frå 1980.

Medlemmar etter alder i 2007:

0-5 år: 8 medlemmar

6-12 år: 51 medlemmar

13-19 år: 41 medlemmar

20-25 år: 6 medlemmar

26 og over: 138 medlemmar

Desse gode tala er i all hovudsak kasserar Elisabeth å takke. No er det berre å sende kontingent for 2008. 400,- for familie, 200,- for vaksne, 100,- for born og 50,- eller meir for støttemedlemmar. Send til Velledalen IL v/ Elisabeth Urke Hjorthol kontonr. 4045.10. 23537

Høgt nivå, ja, på grensa til skyhøgt, må ein seie dei innsende svara på VIL sin jule-og nyårsquiz heldt. Etter finteljing er det klart at det vart delt fyrsteplass. Fam Bastian Weiberg Aurdal og Svein Hjorthol kom begge ut med 39 poeng (av 40 mulege). Kristbjørg og Jan Bolstad kom på ein god tredjeplass. Dei tre nemnde vert premiært. Det vert òg Eldar Tandstad og fam. Jan Ove Skogvold etter loddtrekning. (Dei rette svara vert hengt opp Jokerbutikken, eller du finn dei på [www.velledalen .net](http://www.velledalen.net)).

Feitare enn rekna med kan fort bli resultatet av desember månad sin matorgie. Men vi kan gjere noko med det, og minner om VIL sine tilbod (i grendahuset) for dei som likar å mosjonere i flokk:

Måndagar klokka 20.00: Badminton

Tysdagar klokka 18.00: Ungdomstrim

Tysdagar klokka 20.00: Dametrim

Onsdagar klokka 20.00 Herretrim


Hugs symjehallen sine tilbod kvar tysdag, torsdag og laurdag

Gamle og nye «kundar» er hjarteleg velkomne.

Tøffe karar er i rute med treninga til viktige renn. Kenneth Fet skal om kort tid gå KM-lrenn i Hovdebygda, Stian Mork skal til Italia for å prøve seg på Marcialonga, medan Svein Nakken etter ti Birkebeinermerke har bestemt seg for å prøve seg i Vasaloppet denne vinteren.

Sildekaker er sunn kost. Dersom nokon kan hjelpe til med produksjon av sildekaker eller andre rettar til Sildedagen (14.februar 2008), må dei gjere vel å melde frå til Liv Nordli Hole (70 25 07 49 – 915 28 739). VIL held med alle naudsynte råvarer.

Her ser du Bjørnar Akselvoll Lade. Han er ein av éin av VIL sine 51 medlemmar i aldersgruppa 6-12 år, men som



alpinist
representerer han
Sykkylven IL.
I helga deltok
han i

Telenorkarusellen
på Fjellsætra. Det gikk bra for Bjørnar, så bra at han hadde best tid i klasse G 9 år. ”Stort & Smått” ynskjer Bjørnar
lukke til med resten av sesongen.

No virus found in this incoming message.
Checked by AVG Free Edition.
Version: 7.5.516 / Virus Database: 269.19.2/1223 - Release Date: 13.01.2008 20:23

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.